



HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Buset, 71 25 85 41

Fråsegn - motsegn - detaljregulering for Fræneidet - Stølen masseuttak - Hustadvika

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til høyring av detaljregulering for Fræneidet – Stølen masseuttak. Føremålet med planarbeidet er å regulere areal for uttak av fast berg og knuseverk, samt deponering av massar frå bygge- og anleggsnæringa.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Vassdrag og vassmiljø

Det er eit nasjonalt miljømål at forureining ikkje skal skade helse eller miljø. Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenestar, ingen artar eller naturtypar skal utryddast, og utviklinga for trua og nær trua artar skal betrast.

Forslag til reguleringsplan inneberer at areala kan nyttast til uttak av massar og til massedeponi. Korleis planlagt arealbruk påverkar vassdragsmiljøet og livet i og langs vassdraga skal vere greidd ut og sikra i arealplanlegginga i samsvar med vassforskrifta § 12.

Avrenning av overflatevatn frå planområdet vil bli ført til Sylteelva/Moaelva som i dag har god økologisk tilstand (kjelde: Vann-nett). Vassdraget er det viktigaste på Romsdalshalvøya med oppgang av anadrom laksefisk, og har førekomstar av ål, oppført som sterkt trua (EN) i Norsk rødliste for artar 2021. Det er kartlagt eit viktig gyteområde der dreneringskanalen langs BG2 renn ut i elva (kjelde: Statsforvaltaren sitt fiskearkiv). Avrenning og nedslamming med finstoff vil kunne øydelegge dei gode gyteområda og oppvekstområda for fisk. Ved større nedbørmengder vil finstoff også kunne påverke sårbar (VU) flommarkskog ved Auspavollen i området der kanalen renne ut i elva.

Tiltak i nedbørsfeltet til vassdraget vil kunne påverke hydrologien, ved at flaumtoppane aukar i nedbørsperiodar og mindre areal dekt av vatn i tørkeperiodar. Dette vil igjen påverke fisk og andre ferskvass-organismar i elva.

Kva for verksemd som skal drivast på arealet har betydning for kor mykje vatn som renn frå eigedommen og graden av forureining. I eit masseuttak vil det vere mykje løyste partiklar i overflatevatnet som blir ført via vassvegane, med fare for skade på vassmiljø og det biologiske mangfaldet i vassdraga nedstraums uttaksområdet. Desse forureiningane må ein ha kontroll på. Masseuttaket og deponiområdet dekkjer eit stort område, og avrenning herifrå vil kunne få potensielt store negative miljøkonsekvensar. Verksemda skal gå føre seg over mange år, og kan føre til at miljømåla i vassforskrifta ikkje blir nådd.

I planforslaget er det stilt krav til sedimenteringsbasseng og voll mellom bekk og areal for massedeponi. Vi kan ikkje sjå at det er gjort nærare faglege vurderingar av plassering, utforming og dimensjonering av verken av voll eller sedimenteringsbasseng etter vassforskrifta § 12. Verknadene av planen på vassmiljøet og fiskebestandane må innarbeidast i planomtalen.

Det må avklarast på detaljreguleringsnivå korleis ein skal hindre nedslamming av vassdraga nedstraums masseuttaket. Det må utarbeidast ein plan for handtering av overvatn ut frå forventa framtidig nedbørsmengder i nedbørsfeltet til planområdet, og kor store overvassmengder som vil kome frå sjølve masseuttaksområdet og frå deponiområdet til resipient. Her må ein også ta omsyn til auka nedbørsmengder som følgje av klimaendringane. Handtering av overvatnet bør vurderast etter tretrinnsstrategien; forsinka avrenning gjennom infiltrasjon, forsinka avrenning gjennom fordrøying, og trygg bortleiing til resipient. Naturbaserte løysingar bør vurderast og det skal grunngjevast dersom ein ikkje vel ei slik løysing, jamfør Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning kap. 4.3.

Planen sine konsekvensar for vassmiljø og biologisk mangfald i vassdraga nedstraums masseuttaket og massedeponiet er ikkje vurdert og i tilstrekkeleg grad tatt omsyn til i planforslaget. Vi har **motsegn** til planen inntil det er utarbeidd ei fagkyndig utgreiing etter vassforskrifta § 12, og at avbøtande tiltak/ reinseløysingar for å oppretthalde miljøtilstanden i dei påverka vassførekomstane er sikra i plankart og planføresegner.

Naturmangfald

Lia bak masseuttaket er leveområde for rådyr, som nyttar området til beite. Planen må stille krav om viltgjerde langs brotkanten for å hindre at hjortevilt kjem til skade.

Forureining og støy

Det føreligg ein støyfagleg rapport utarbeidd av Sweco. Denne viser at det er mogeleg å oppnå tilfredsstillande støynivå for bustader dersom ein gjer avbøtande tiltak. Støyskjermende tiltak er innarbeidd i planføresegnene.

Støysone (gul) utan avbøtande skjerming bør visast som omsynssone i plankartet.

Folkehelse og friluftsliv

Ved oppstart peika vi på nærleiken til friluftslivsområde knytt til Trollkirka, og at konsekvensane for friluftslivet måtte gjerast greie for.

Det er utarbeidd ei støyfagleg utgreiing som viser at friluftsområda ikkje vil ligge innanfor støyutsette område over grenseverdiane i støyretningslinja.

Vi saknar ei visualisering av korleis masseuttaket og deponiet vil påverke landskapsbiletet, som er ein viktig del av friluftslivsopplevinga, både i driftsfasen og ved avslutta drift. Ei slik visualisering frå ulike ståstader i terrenget, dvs. turmål og relevante punkt langs ferdselsårene, bør også vise avbøtande tiltak for å redusere skjemmande fjernverknader av masseuttaket.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og har motsegn til planen knytt til vassmiljø. Motsegna er heimla i vassforskrifta § 12, jf. Rundskriv T-/16 Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet pkt. 3.7.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Ulf Lucasen
underdirektør plan og klima

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest	Naustdalsvegen 1b	6800	FØRDE
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal
Statens vegvesen	Postboks 1010	2605	LILLEHAMMER
	Nordre Ål		
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
BERGMESTEREN FOR SVALBARD			
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde